



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

16/661-3

21.03.2016

Spørsmål om differensiering av arbeidsgjevaravgifta innafor den einskilde kommune frå og med neste revisjon av verkeområdet for differensiert arbeidsgjevaravgift

Eg viser til brev av 8. februar 2016 frå Nordhordland regionråd. Nordhordland regionråd spør om det kan vere fleire arbeidsgjevaravgiftssoner innafor ei einskild kommune frå og med neste revisjon av verkeområdet for ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift (DA-ordninga).

Eg viser også til dialog med Nome kommune, og spørsmål om eventuelle kompensasjonsordningar etter 2020, når kommunar med ulike arbeidsgjevaravgiftssoner er slått saman.

Eit av måla med kommunereforma er større og meir robuste kommunar som kan drive ein meir heilskapleg samfunnsutvikling, og dermed leggje tilhøva betre til rette for næringslivet. Næringslivet sin hovudorganisasjon, NHO, har peika på at det er naudsynt å gjennomføre ein kommuneform for å leggje til rette for vekst og verdiskaping. Kommunereforma vil kunne medverke til at behovet for særskilte støtteordningar blir mindre.

Alle kommunar som slår seg saman før 2021 vil få ført vidare sine ulike satsar for arbeidsgjevaravgift slik dei vart fastsett frå og med 1. juli 2014, og til ordninga vert revidert med verknad frå og med 1. januar 2021. Det er usikkert korleis den økonomiske situasjonen er i 2021. Det er også usikkert korleis regelverket vil sjå ut. Dersom enkelte kommunar får høgare arbeidsgjevaravgift etter 2020, vil regjeringa vurdere kompensasjon i form av ei tidsavgrensa overgangsordning for området som blir omfatta. Regjeringa kan ikkje binde opp

framtidige regjeringar og storting. Eg vil likevel peike på at skiftande regjeringar ved tidlegare høve har gått inn for å kompensere for brå endringar i denne type rammevilkår. Spørsmålet om ei kommune, etter revisjon av reglane for regional statsstøtte i 2021, kan ha fleire arbeidsgivaravgiftssoner på linje med overgangsordninga for samanslåtte kommunar fram til 2021, vil først kunne bli avklart hausten 2020, når det nye regelverket ligg føre.

Med helsing

Jan Tore Sanner

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	Postboks 788 Stoa	48094809	ARENDAL
Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark	Statens hus, Damsveien 1	9815	VADSØ
Fylkesmannen i Hedmark	Postboks 4034	2306	HAMAR
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Nordland	Statens Hus, Moloveien 10	8002	BODØ
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Oslo og Akershus	Postboks 8111 Dep	0032	OSLO
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Postboks 4710, Sluppen	7468	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702	SKIEN
Fylkesmannen i Troms	Postboks 6105	9291	TROMSØ
Fylkesmannen i Vestfold	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Fylkesmannen i Østfold Nordhordland regionråd	Postboks 325	1502	MOSS

Adressliste

Nome kommune

Ringsevja 30

3830

ULEFOSS

Region Nordhordaland

c/o Nordhordland

Utviklingselskap IKS